

Vekeplan, veke 35

4. klasse

Namn:

Info:

- Kan dei som har ta med ein reingjort hermetikkbox til kunst og handverk? Type fiskebollar er for stor, så helst mais, bønner, erter el likn storleik. Planen er å bruke den i veke 36.
- De kan også begynne å samle på eit syltetøyglas (så langt som mogleg utan etikett) Det skal vi male på og pynte til Halloween. Det er berre å ta det med, så kan eleven ha det i hylla så lenge.
- Veke 35 er nasjonal veke i kampen mot hovudlus, så viktig at alle tek ein sjekk heime. Det er effektivt når alle sjekkar samtidig! Meir info på Helse Norge.
<https://www.helsenorge.no/helse-og-miljo/insekter-og-skadedyr/hodelus/>
- Symjing startar opp.
- Fint om fleire tar med innesko
- Foreldremøte er sett opp torsdag 18. september kl 17.30-18.30
- Møte for klassekontaktane er 3. september.

Mål:

Lesing/skriving:	- Eg forstår det eg les - Eg skriv e for æ-lyd i mange ord. - Eg kan skrive øveorda. - Eg veit kven Gutenberg er.
Rekning:	- Eg kan lage rekneuttrykk til praktiske situasjonar. - Eg kan 0-5 gongen.
Engelsk:	- I can tell others about myself - I can count til 10
Sosialt:	- Eg følger klassereglane.

Øveord: (desse skal du skrive på målprøven på fredag)

sverd – sterk – skjerm – stjerne – nysgjerrig

Gloser

downstairs - nede
grabbed - fått tak i
there`s – der er
glasses - briller
grown - vokst
exciting - spennande

Lekser til

Tysdag:	Norsk: Les enten «måne»-teksten s 26 (enklast) eller «sol»-teksten s. 28-29. Les to gonger høgt for ein vaksen og ein gong for deg sjølv. Du skal IKKJE lese inn på Showbie. Matte: Gjer s. 90 i Matematisk 4B. Ta med underskrift på målprøve
Onsdag:	Norsk: Finn fram den store, raude skriveboka i norsk. Lag overskrift: <i>Øveord, veke 35</i>. Skriv ei setning med kvart av øveorda med nydeleg handskrift. Set strek med linjal under øveordet, og sjekk nøye at du har skrive det rett. I tillegg må du hugse punktum og stor bokstav. Begynn på ny linje for kvar setning. Under lagar du ei teikning av eit av øveorda. Du kan fargeleggje viss du vil, men ikkje bruk tusj. Engelsk: Lese s 12, sjå på glosar og hugs dei. Hugs gymtøy, handkle og såpe.
Torsdag:	Norsk: Les tekst limt inn i den store, raude norskboka. Les tre gonger: to gonger høgt for ein vaksen og ein gong for deg sjølv. Ein av gongene les du teksten inn på Showbie under leseleke, veke 35. Gjer skriveoppgåvene som høyrer til. <u>Lever boka på skulen på torsdag!</u> Hugs symjing. Ta med symjetøy, handkle og såpe. Ikkje gløym badehetta ☺
Fredag:	Norsk: Finn fram Relemo og hald fram der du der komen. Ta bilete og lever på Showbie. Matte: Gjer s. 91 i Matematisk 4B. Øv 15 min på 0-5 gongen. Gongeprobe på fredag. Målprøve!

Forventa timeplan denne veka.

	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
8.15-9.45	Engelsk ER	Matte Musikk EH	Naturfag Boklån LT	Norsk GS Dra på symjing 9.40	Matte EH
9.45-10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt	På symjebussen	Friminutt
10.00-11.00	Matte EH	Samfunn 3+4 MH	Engelsk ER	Symjing AI/ER	K&H GS
11.00-11.40	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Symjebuss Friminutt	Mat og friminutt
11.40-13.10	Norsk Olweus GS	Norsk GS	Gym 3+4 GS	Mat & Krie 3+4 MH	Norsk GS
			Skulen sluttar 12.40		

GS= Grete Stokke AI = Aina Idland. MH= Margaret Harestad EH = Elisabeth Haagenen LT= Lars Tjelle
ER = Erik Røyland.

